

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Næring og miljøutvalet
Møtestad: **Kommunestyresal Myravegen 11**
Dato: **22.01.2019**
Møte tok til **15:00**
Møte slutta **16:15**

Næring og miljøutvalet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 16.01.2019.

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Hege Holstad	Medlem	AP
Kjetil Nasset	Leiar/ordførar	FOHAR
Ingebjørn Grimstad	Nestleiar/varaordførar	FRP
Gunnar Riise	Medlem	H
Turid Lise Ambjørnsen	Medlem	H
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Bernt Brandal	MEDL	FOHAR

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Arild Overå	Bernt Brandal	FOHAR

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Karete Mork	Utvalsekretær
Silja Øvrelid	Leiar PUA
Christer Adrian Mork	Byggesakshandsamar
Anne Kathrine Løberg	Leiar landburkskontoret
Kai Rune Bjørke	Kommunalsjef

Kjetil Nasset leia møtet

7 voterande

Næring og miljøutvalet handsama PS 1/19
Næring og miljøutvalet handsama PS 2/19
Næring og miljøutvalet handsama PS 3/19

- RS 1/19
- RS 2/19
- RS 3/19
- RS 4/19



- RS 5/19
- RS 6/19

Næring og miljøutvalet handsama PS 4/19
Næring og miljøutvalet handsama PS 5/19

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/19	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 3/19	Referatsaker	
	Referatsaker	
RS 1/19	Vest - Miljø AS - Varsel om stans i mottak av avfall	2018/2249
RS 2/19	Løyve til tiltak 41/76 fylling i sjø	2018/2216
RS 3/19	Løyve til tiltak utan ansvarsrett 41/651 Tilbygg	2009/1043
RS 4/19	Løyve til tiltak utan ansvarsrett 40/50 Garasje	2018/1564
RS 5/19	Løyve til tiltak 41/282 Tilbygg større en 50m²	2018/2117
RS 6/19	Rammeløyve 41/169 Kai-Polarstar	2018/2163
	Politiske saker	
PS 4/19	Rammeløyve 41/1095 Tekniske installasjonar i samband med elektrifisering av ferjedrift	2018/1840
PS 5/19	Søknad frå Marit Kvammen om frådelling av hus nr 2 på 62/2 - handsaming etter jordlova	2019/47

Hareid, 16.01.2019

Kjetil Nesset
utvalsleiar

Anne Karete Mork
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste /

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

6 voterande

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

PS 2/19 Godkjenning av protokoll førre møte /

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Det var ingen merknad til protokollen frå førre møte.

6 voterande

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 3/19 Referatsaker /

Næring og miljøutvalet si handsaming:

NMU handsama RS 1/19 – RS 6/19 etter PS 5/19.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes teke til vitande.



REFERATSAKER

RS 1/19 Vest - Miljø AS - Varsel om stans i mottak av avfall

RS 2/19 Løyve til tiltak 41/76 fylling i sjø

RS 3/19 Løyve til tiltak utan ansvarsrett 41/651 Tilbygg

RS 4/19 Løyve til tiltak utan ansvarsrett 40/50 Garasje

RS 5/19 Løyve til tiltak 41/282 Tilbygg større en 50m²

RS 6/19 Rammeløyve 41/169 Kai-Polarstar

—



POLITISKE SAKER

PS 4/19 Rammeløyve 41/1095 Tekniske installasjonar i samband med elektrifisering av ferjedrift 2018/1840

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Kommunalsjef Kai Rune Bjørke, leiar for PUA Silja Øvreid og byggesakshandsamar Christer Adrian Mork orienterte og svarta på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

- A. Med heimel i § 19-2 jf. § 19-1 i plan- og bygningslova (pbl.) vert det gjeve dispensasjon jf Vedtak i Formannskapet datert 13.12.2018. « **Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova gir Hareid formannskap dispensasjon frå punkt 4.1, 4.2 og 4.6 i Reguleringsplanen RV61 HAREID SENTRUM/M FERJEKAI, som omsøkt**».
- B. Med heimel i § 20-2 i plan- og bygningslova (pbl.), med tilhøyrande forskrifter, og vedtekter vert søknaden om løyve til oppføring av Tekniske installasjonar, batteribygge, ladetårn, fortøyningsautomat, og nødvendig utstyr/installasjonar i tråd med søknad godkjend av Næring- og miljøutvalet i Hareid kommune.
- C. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
1. Søknad, datert 17.09.2018, innreg. 17.09.2018.
 2. Dispensasjonssøknad, datert 17.09.2018, innreg. 17.09.2018.
 3. Situasjonsplan, datert 02.11.2018, innreg. 02.11.2018.
 4. Plan-, snitt- og fasadeteikningar, daterte 17.09.2018, innreg. 17.09.2018.
 5. Perspektivteikningar, daterte 17.09.2018, innreg. 17.09.2018.
 6. Gjennomføringsplan, datert 17.09.2018, innreg. 17.09.2018.
 7. Dispensasjon gjeven i Formannskapet datert 13.12.2018
- D. Det vert sett følgjande vilkår i saka, og punkt 3 må vere ordna før arbeidet kan starte:
1. Melding om oppstart av tiltaket må gjevast til byggesaksavdelinga når arbeidet startar.
 2. Tiltaket må stikkast ut (plasserast i terrenget) av kvalifisert personell.
 3. Følgjande punkt må vere utført før igangsettingsløyve vert gitt. Det må søkast om igangsetting av tiltaket, med alle relevante ansvarsrettar på plass. Alle vesentlege endringar, jf rammeløyvet skal visast til. Oppdatert situasjonsplan dersom dette er naudsynt, skal fylje med. Gjennomføringsplanen skal vere oppdatert å ligge ved.
- E. Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK10) og pbl. § 22-3 20-3:

Føretak og organisasjonsnr.	Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskriving av ansvarsområdet (arbeid)	Tiltaks-klasse
NORCONSULT ASNORCONSULT AS 962 392 687	PRO	Arkitektonisk, Konstruksjon, VA.	2



- F. Før arbeidet kan starte må søknad om igangsetting med tilhørende ansvarsrettar, vere innsendt og godkjent, jf. § 21-2 i pbl.
- G. Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i pbl.
1. Dersom/Då tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jf. §§ 9-6 og 9-7 i TEK10, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) etter § 9-9 i TEK10 leggest ved søknaden om ferdigattest / bruksløyve, jf. § 8-1 i SAK10.
 2. Alle vilkår frå utsleppsløyvet skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**PS 5/19 Søknad frå Marit Kvammen om frådelling av hus nr 2 på 62/2 -
handsaming etter jordlova 2019/47**

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Hege Holstad AP, kom til møtet.

7 voterande

PS 5/19 vart handsama før RS 1/19.

Leiar for landbrukskontoret, Anne Kathrine Løberg orienterte og svarta på spørsmål.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Næring- og miljøutvalet gir løyve til frådelling inntil 4 dekar som omsøkt frå gnr. 62 bnr. 2 med heimel i Jordlova § 12.

Grunngjeving: Delinga vil ikkje føre til vesentlege drifts- eller miljømessige ulemper for landbruksdrifta på eigedomen eller i området.

Anne Karete Mork
Utvalsekretær

Kjetil Nasset
Leiar